

valåret. Nye namn på lista er Henrik Henriksen, Liv Karin Holte og Ragnhild Brekke. Desse tre står oppført på høvesvis sjuande, tiande og fjortande plass på lista. I forhold til tidlegare år har partiet dessutan redusert talet på kandidatar kraftig. Lista til Fremskrittspartiet ser i år slik ut: 1. Bjørn Magne Langkås (kumulert), 2. Harald Kinck, 3. Gunvor Wedvik, 4. Arnt Langkaas, 5. Arild Gjelhus, 6. Jorunn Holte Aasmundsen, 7. Henrik Henriksen, 8. Stian Hegna, 9. Alf Petter Aasmundsen, 10. Liv Karin Holte, 11. Hans Hagen, 12. May Brit Haugland, 13. Bjørn Kjetil Steivang, 14. Ragnhild Brekke, 15. Ole Morten Aasgrav.



Pengar frå Norges Vel

Inntil 500.000 kroner skal delast ut i 2015 frå dei tre legata Det Kongelige Selskap for Norges Vel forvaltar. Dette er pengar som skal gå til prosjekt og tiltak som bidrar til næringsutvikling og nyskaping. Søknadsfristen er 1. juni. Dei tre legata i Norges Vel er Landbrukslegatet, Utdanningslegatet og Kultur- og miljølegatet. Søknader relatert til næringsverksemd og prosjekt knytt til mat, kultur, oppleving, energi og miljø er blant dei prioriterte.

en ikkje makt

Regjeringa vil flytte oppgaver til kommunane, men seier ikkje om vedtaksmakta skal flyttast. Og den vil utarme fylkeskommunen, kommenterer KS om oppgavemeldinga.

Laila Borge

– Dette er den største overføringa av oppgaver nokosinne. Det har aldri tidlegare vore foreslått å flytte så mykje makt og så mange oppgaver til kommunane, sa statsminister Erna Solberg då regjeringa la fram stortingsmeldinga om nye oppgaver til kommunane.

Kommunestyremedlemar landet over har venta på meldinga om nye oppgaver til kommunane. Meldinga som kom rett før påske er eit signal om kva oppgaver kommunane bør kunna handtera i framtida. Kommunesektorens organisasjon (KS) meiner regjeringa kunne gått lenger i flyttinga av både makt og oppgaver.

Lite flytting av makt

Regjeringa legg stor vekt på at kommunereforma handlar om å desentralisere og spreie makt, og at den statlege detaljstyringa skal reduserast. Førebels har dei varsle enkelte tiltak, som å redusere krava til rapportering og dokumentasjon i grunnskulen, og endringar i plan- og bygningslova. KS meiner oppgavemeldinga seier altfor lite om korleis vedtaksmakt skal flyttast nærare innbyggjarane.

– Det er sagt at dette skal vere ei demokratireform. No er det ikkje slik at kommunane masar om fleire oppgaver, det dei ynskjer er færre bindingar på dei oppgåvene dei har, seier områdedirektør Helge Eide i KS.

Han er nøgd med formuleringane om lokaldemokrati i meldinga, men meiner at det er vanskelig å finne ut korleis regjeringa vil redusere den statlege styringa i praksis.

– Utarmar fylkeskommunen

KS saknar dessutan meir konkret omtale av det regionale nivået. Oppgavemeldinga foreslår flytting av oppgaver frå fylke til kommune, men har ingen forslag om oppgaveoverføring til fylkeskommunane.

– Det er snakk om ei utarming av det regionale nivået. Dette vil vere ei veldig dårleg løysing for folk flest, seier Helge Eide, og trekkjer fram forslaget om at store bykommunar kan få ansvaret for vidaregåande opplæring.

– Dersom du får ein situasjon der by og land står mot kvarandre, kan det redusere vala for elevane, seier han.

– Vi håpar og trur at Stortinget vil vere meir ambisiøse på regionane sine vegne, legg han til.

Meir heilskapleg ansvar

Erna Solberg la i si tale om oppgavemeldinga vekt på at målet er levande lokalsamfunn og betre tenester til innbyggjarane. Dette vil regjeringa oppnå ved å flytte ansvaret for tenestene nærare innbyggjarane.

Då kommunal- og moderniseringsminister Jan Tore Sanner la fram dei nye oppgåvene, peika han på at det er kommunane som er tettast på innbyggjarane i det daglege.

– Innbyggjarane møter kommunen på helsestasjonen, i barnehagen, på skulen og på sjukeheimen. I dag er det eit reelt problem at mange oppgaver, særleg innan velferd, er delt mellom fleire forvaltingsnivå. Då kan det ofte bli ein kamp om ressursar mellom forvaltingsnivåa. Dei som treng offentleg hjelp kan falle mellom to stolar,

sa Sanner.

Han ynskjer at kommunane skal få eit meir heilskapleg ansvar for fleire velferdstenester, som rehabilitering. Ansvaret for rehabilitering er i dag delt mellom stat og kommune.

– Staten og spesialhelsetenestene vil framleis ha eit ansvar innan rehabilitering, men vi meiner at kommunane sitt ansvar kan aukast. Dei som treng rehabiliteringstenester er i veldig stor grad også i kontakt med andre kommunale tenester, påpeika han.

– Treng ikkje bli større

KS meiner at regjeringa kunne gått lenger i overføringa av oppgaver til kommunane eller fylkeskommunane. Den saknar oppgaveoverføring på område som forskning, spesialskular, kultur, idrett, frivilligheit, klima og energi. Dei meiner vidare at kommunane må få overført langt meir ansvar for naturforvaltninga enn det regjeringa har foreslått.

Ei føresetnad for regjeringa si oppgavemelding er at kommunane blir større. Helge Eide meiner at dagens kommunar kan overta oppgåvene som regjeringa foreslår.

– Det er dei i stand til, gitt at dei får dei ressursane som blir brukt på å løyse dei same oppgåvene i dag. Men det er ikkje sikkert at det er fornuftig at kvar enkelt kommune skal løyse alle oppgåvene åleine, seier han.

Han viser til at mange kommunar allereie har omfattande interkommunalt samarbeid, og at det vil vere naturleg å samarbeide om fleire av oppgåvene.

– Det mest openberre eksempelet er tannhelsetenesta, som i dag ligg hos fylkeskommunen. Det er bortanfor all fornuft å tru at kvar enkelt kommune skal løyse denne oppgåva sjølv. Det vil openbert vere ineffektivt, sjølv etter ei kommunereform, seier Eide.

Han legg til at andre oppgaver lett vil kunna bli løyst av kommunane, uavhengig av storleik.

– Dette gjeld til dømes borgarlege vigsler – ei meir kurios oppgave som ikkje har vore prioritert i tidlegare utredningar, seier han.



Seier lite. Områdedirektør Helge Eide i Kommunesektorens organisasjon (KS) meiner oppgavemeldinga seier altfor lite om korleis vedtaksmakt skal flyttast nærare innbyggjarane. Foto: Johnny Syversen

fakta

Oppgaver som regjeringa foreslår overført til kommunane

Velferd:

- Tannhelse
- Rehabilitering (større ansvar)
- Basishjelpemiddel
- Distriktspsykiatriske senter (forsøksordning)
- Barnevern (gjennomgang av ansvarsfordelinga)
- Familievern
- Bustadtilskot
- Varig tilrettelagt arbeid
- Arbeids- og utdanningsreiser for funksjonshemma
- Finansiering pasienttransport

Lokal utvikling:

- Tilskot frivilligsentralar
- Forenkling av utmarksforvaltning
- Lokal nærings- og samfunnsutvikling
- Motorferdsel

- Større handlingsrom i plan- og byggesaker
- Tilskot nærings- og miljøtiltak i skogbruk
- Tilskot beite, jordbruk, verdsarv
- Konesjonsbehandling småkraftverk
- Enkeltutsløppsløyve, forureiningslov
- Naturforvaltning

Andre oppgaver:

- Vigslerett for borgarlege vigsler
- Notarialforretningar
- Godkjenning symjeanlegg
- Sivile politioppgaver

Dei største kommunane kan få:

- Vidaregåande skular
- Kollektivoppgaver